

Grunneigarar på Hafskor

v/Øystein Havsgård

Øvre Hafskor 66

5640 Eikelandssosen

Hafskor, 29. juni 2014

NVE

Postboks 5091 Majorstua,

0301 Oslo

**SØKNAD OM KONSESJON TIL UTBYGGING AV MATLANDSVASSDRAGET – MATLANDSELVA
KRAFTVERK AS OG FUSA KOMMUNE – SAKSNR 201203268**

MERKNADAR TIL SØKNADEN

Innleiing

Denne merknaden gjeld i hovudsak Hafskorvatnet som magasin for kraftanlegget og for Nore Fusa vassverk. Underteikna er eigarar av dei gardsbruka på Hafskor som eig felles grunn ved Hafskorvatnet. Området utgjer Hafskor si setramark. Me kjenner sjølvstilt til skjønn i 1919 og gnr 18 bnr 8 som skildrar rettane til kommunen.

Grunneigarane sin bruk av området i dag.

Det har etter at vegen opp til vatnet vart bygd i 1986/87 vore drive skogbruk i litt varierende omfang frå år til år. Det beitar også sau i området. Det er også to hytter ved utlaupet av vatnet samt ein godkjent reguleringsplan for 6 nye hytter i same området. I tillegg er også grunneigarane aktive brukarar av området ikring vatnet til tur og friluftaktivitetar, spesielt den gamle stølsvollen – Setrastølen – søraust ved vatnet.

Konsekvensar av oppdemming

Hovudalternativet i søknaden med ein terskel med topp ein meter over noverande minstevasstand vil gje om lag tilsvarende auka maksimum vasstand. Sidan terskelen har avgrensa opning vil vasstanden vera høg i mykje lengre periodar enn no. Me har kartlagt kor stor del av setervollen som blir neddemt ved vasstand litt høgare enn den planlagde terskelen (minstevasstand + 1,1 m). Kartlegginga vart gjort 28. juni og er basert på at nivået i vatnet no er tilnærma minstevasstand. Som det går fram vil om lag 35-40 % av området nedanfor vegen då vera neddemt. Etter kvart vil

vegetasjonen i ein vesentleg del av dette området forsvinna, slik at strandsonen vil bli mykje større. Dette vil redusera naturkvalitetane i området vesentleg, og gjera det langt mindre attraktivt for tur- og friluftaktivitetar.

Ein terskel som planlagt (søknaden s. 14) med fast opning og luke vil ikkje vera nok til å sikra tilrenning til eit evt vassverk i langvarige tørkeperiodar. Då vil vasstanden etter kvart likevel vera heilt ned på noverande minstevassstand. Ei løysing med t.d. hevert i vatnet vil vera det som må til uavhengig av terskel.

Naturkvalitetar

Me kjenner oss ikkje att i søkjarane si skildring av naturkvalitetane. Etter vårt syn gjev kombinasjonen vatn av ein viss storleik, gammal setervoll med restar av grunnmurar frå stølsbygningar, fjell i nord og aust og ope landskap mot vest gode og svært attraktive naturkvalitetar. Dette har saman med lett tilkomst siste 25 åra gjort Hafskorvatnet med området rundt til eit av dei aller mest brukte turområda i kommunen.

Fiskebestand

Hafskorvatnet har ein stor bestand av aure. Vatnet vart i perioden frå 1989 til og med 2001 kalka i regi av fylkesmannen for statlege midlar. I samband med dette er det gjennomført prøvefiske fleire gonger, sist i 2012 gjennomført av Rådgivende Biologer AS på oppdrag frå fylkesmannen i Hordaland (vedlegg). Me viser også til rapport november 2004 der m.a. Hafskorvatnet er omtalt (vedlegg).

Som det går fram er det 6 bekker/elvar rundt vatnet der det føregår gyting. Med eitt unntak vil ein terskel medføra at strekninga der det føregår gyting vil vera neddemt og dermed mista dagens straumforhold i store periodar om hausten. Høgdeskilnadar og utforming av bekkene vil gjera at gytinga ikkje vil føregå lengre oppe i bekkene, dermed er det etter vårt syn stor risiko for at det vert slutt på gytinga i desse bekkene.

Tur- og friluftaktivitetar.

Etter at skogsvegen til Hafskorvatnet var ferdig sommaren 1987 har omfanget av tur- og friluftaktivitetar ved vatnet auka vesentleg. Det har frå grunneigarane si side vore lagt til rette for dette med benker (rundt 15 år sidan), ganggrinder i gjerde og dels løypekjøring om vinteren i samband med skogsdrift. Kommunen har sytt for opparbeiding av offentleg parkeringsplass der skogsvegen tar av frå fylkesvegen. Det har som ein del av kommunen sitt turveiprojekt blitt merka og skilta turløyper i området. Kommunen har i år fått laga nye skilt og orienteringstavler for dei fleste turområde i kommunen, også her.

Når det gjeld omfanget av turaktivitet kan me nemna at det langfredag i år var om lag 100 personar samtidig ved Setrastølen. 25 bilar sto parkert ved fylkesvegen. Dette var på ingen måte nokon organisert tur, berre eit klart uttrykk for populariteten til området. Det har nok ikkje nokon gong

tidlegare vore så mykje folk ved vatnet samtidig, men det er jamnleg på fine dagar vår, sommar og haust 20-30 personar som går tur til eller forbi Hafskorvatnet. Fleirtalet tar pausen sin på Setrastølen. Det er svært få dagar i året det ikkje går folk på tur her.

Ei oppdemming vil også føra til at det blir umogeleg å gå rundt vatnet langs strandkanten som no. Dette dreier seg om ein sti som går langs vasskanten frå utlaupet og mot nordsida av vatnet. Mykje brukt m.a. om hausten i samband med jakt.

Vassverk

Me må peika på at kommunen ikkje har oreigna rettar til bruk av Hafskorvatnet som drikkevasskjelde. Frå grunneigarane si side vil det ikkje vera akseptabelt med noko form for klausulering av nedslagsfeltet. Vassverksutbygging må i tilfelle regulerast gjennom eigen avtale med grunneigarane, subsidiært gjennom eige rettsleg ekspropriasjonsskjønn av slik rett til bruk av vatnet som drikkevasskjelde.

Dette har grunneigarane også peika på då kommunen vedtok sin hovudplan for vassforsyning i 2010. (brev frå grunneigarane 22.1.10).

Magasin for vassverk kan lett etablerast ved bruk av hevert. Konsekvensane av kortvarige moderate nedtappingar i tørrversperiodar er svært små samanlikna med ei oppdemming som i hovudalternativet. Råvasskvaliten er som det går fram av rapportane frå Rådgivende Biologer frå naturen si side så dårleg at det uansett krevst fullrensing av vatnet for å oppnå drikkevasskvalitet etter drikkevassforskrifta.

Andre tilhøve

Når det gjeld tilkomst til vatnet har ikkje Matlandselva Kraftverk AS eller kommunen vegrett på skogsvegen opp til vatnet. Rett nok har ein av eigarane i selskapet (SKL AS) vegrett i samband med tilsyn av høgspenlinje som gjekk langs deler av vegen, men deira vegrett kan ikkje nyttast direkte eller overførast til Matlandselva Kraftverk AS utan vidare. Ei eventuell opprustning/omlegging av vegen må kostast av utbyggjar.

Det må også lagast ny veg frå skogsvegen og ned til demninga i elva. Trase, hensyn i anleggsfasen og øvrige vilkår her må avklarast med grunneigarane. M.a. må grunneigarane har rett til å nytta vegen.

Så kan det vera interessant for grunneigarane å kunna kjøpa seg inn i evt kraftlinje/fiber opp mot vatnet i samband med hyttebygging.

Desse tilhøva vert berre nemnt her, me forutset at grunneigarane skal kunna drøfta dette direkte med utbyggjar i god tid før utbygging med tanke på å oppnå ein avtale som er teneleg for begge partar.

Konklusjon

Ei oppdemming som i hovudalternativet vil medføre vesentleg reduksjon av naturkvalitetane ved Hafskorvatnet. Spesielt området ved Setrastølen vil bli langt mindre attraktivt som turmål avdi ein brei strandsone vil liggja brakk m.a. i store deler av sommarhalvåret. Nyttan av kommunen sine bidrag med å leggja til rette for turaktivitetar blir redusert.

Ein sti frå utlaupet mot nordsida av vatnet vil bli neddemt i periodar.

For øvrig kan ikkje kommunen sin uttale i saka vektleggjast særleg avdi kommunen er tiltakshavar.

Ei oppdemming vil også kunna gå ut over fiskebestanden ved at fleirtalet av noverande gytebekker vert neddemde i den nedbørsrike tida om hausten og på den måten sansynlegvis ikkje vil fungera som gyteområde.

Som me har prøvd å visa meiner me ulempene er vesentleg større enn fordelane med å velja hovudalternativet framfor alternativ II i søknaden. For utbyggjar er det i fylgje søknaden litt større straumproduksjon ved alternativ II enn hovudalternativet, utbyggingskostnad er på den andre sida bagatellmessig høgare (om lag 3% skilnad basert på kr/kWh).

For oss er det ingen tvil om at hovudalternativet ikkje tilfredsstiller kravet til konsesjon i vassressurslova §25:

«Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet».

Me har ingen innvendingar mot at det vert føreteke utbygging etter alternativ II.

Med helsing

På vegne av grunneigarane

Karsten Skare
Tilge Havgård
Bjørn Havgård
Ingelin Havgård

Ingelin Havgård

Vedlegg:

2 rapportar frå Rådgivende Biologer AS

6 foto frå 28.6.2014

Kartskisse 1:1000 Setrastølen